

| | |
|--------------------------------------|--------------|
| REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET | |
| SAKSNR. 13/08920 | DOK NR. 5 |
| 10 FEB 2014 | |
| ORG NR. 975 372 677 | ETE |

Vedlegg representantskapamøtet 2013 sak 10, Forslag til nye vedtekter.

Vedtekter for Stiftinga for folkemusikk og folkedans

Stadfesta av fylkesmannen i Sør-Trøndelag i brev frå 22.12.1992. Med endringar etter prøveperioden 1992-94 vedtatt av Rådet for folkemusikk og folkedans på møte 94/6 og 95/4 og av Representantskapsmøtet 1995. Godkjende av Kulturdepartementet i brev frå 3.7.1996 og stadfesta av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag i brev frå 21.10.1996. Med endringar vedtekne av Rådet for folkemusikk og folkedans av 04.06.2003, av Representantskapsmøtet 2004 og vedtak i Rådet for folkemusikk og folkedans 16.10.04 vart denne versjonen stadfesta av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag i brev frå 01.12.2004. Med endringar etter framlegg frå Styret i møte 14.06.2005, vidare justert av Rådet i møte 14.06 og 14.10.2006 og vedtatt av Representantskapsmøtet og Rådet 15.10.2005, og med ei justering for å falla inn under stiftingslova, godkjent av Styret 08.06.2007.

Allment

§ 1. Namn og rettsleg stilling

Stiftinga for folkemusikk og folkedans er ein sjølvstendig institusjon organisert som stifting.

Stiftinga har tre organ:

- Ho blir leia av eit eige styre.
- Ho har Representantskapsmøtet, som fagleg samlande og rettleiande organ.
- Ho har Rådet, som utoverretta, samordnande og forvaltande organ.

Stiftinga omfattar vidare ei utøvande verksemd, Norsk senter for folkemusikk og folkedans som er underlagt styret.

Institusjonen starta i 1972, vart etablert som stifting i 1992 og har sete ved Sentret sitt i Trondheim

§ 2. Mål

Hovudmål

Stiftinga for folkemusikk og folkedans vil fremja, verna og føra vidare norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som bærer av særne kvalitetar.

Delmål

Samordna innsats

Rådet og Representantskapsmøtet skal fungera som reiskap for alle greiner i arbeidet for og med norsk folkemusikk og folkedans slik at kreftene kan samordnast, innsatsen få større tyngde, tilboda kan gjerast meir varierte og ressursane kan utnyttast betre.

Sakkunnskap i offentleg forvaltning

Rådet skal fungera som ein reiskap for offentleg forvaltning i saker som gjeld norsk folkemusikk og folkedans for å sikra representativitet og sakkunnskap.

Vitskapleg arbeid

Sentret skal dokumentera og granska norsk folkemusikk og folkedans og formidla kunnskapen frå arbeidet.

[Handwritten signatures and initials]

Kvalitet og breidde i folkemusikk og folkedans

Sentret skal arbeida for auka kunnskap om forståing for norsk folkemusikk og folkedans, for betra utøving og for auka deltaking og interesse.

§ 3. Grunnkapital

Ei samling folkedansfilmar på 599 rullar i Super 8 taksert til kr 507.353 utgjer grunnkapitalen i stiftinga. Filmane vart tatt opp på friviljug basis av Egil Bakka og ulike medarbeidarar i tida 1967-72.

Styret

§ 4. Styresamansetjing

Styret har 5 medlemmer og 3 varamedlemer som kvar sit 2 år om gongen.

Rådet nemner opp 3 medlemer og eitt varamedlem, og peikar ut styreleiar. Medlemene kan, men treng ikkje sitja i Rådet.

Norges teknisk-naturvitskaplege universitet nemner opp 1 medlem og 1 varamedlem .

Dei tilsette ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans vel 1 styremedlem og 1 varamedlem.

Styret vel sjølv nestleiar.

Styret skal til ei kvar tid ha kompetanse for folkedans, folkemusikk og kultur- og forskingsadministrasjon. Styret er vedtaksført når 3 medlemer er tilstade. Alle vedtak kan gjerast med vanleg fleirtal. Når det er like mange stemmer for og imot, avgjer styreleiaren si stemme. Direktøren for Stiftinga har rett og plikt til å delta og uttala seg i Styret si handsaming av saker, så lenge Styret ikkje vedtar noko anna i enkelte saker.

§ 5. Styret sine funksjonar

Styret har ansvaret for økonomi og administrasjon i heile stiftinga.


Styret vedtek årsbudsjett, årsoppgjer, godtgjering for medlemmer i Rådet og Styret og revisjonshonorar for stiftinga.

Styret tilset direktør for Stiftinga og fungerer som arbeidsgjevar for dei tilsette der.

Styret delegerer råderetten over Stiftinga sine aktivitetsmidlar til Rådet og stiller driftsmidlar til rådvelde. Delegeringa er avgrensa av § 36, 3 ledd i Stiftingslova.

§ 6. Signatur

Styret vedtek kven som skal teikna Stiftinga. Styret kan gi prokura.

Handwritten signatures and initials. On the left, there is a large signature above the initials 'IA' and 'SM'. To the right, there are two smaller signatures, one above the other.

Representantskapsmøtet

§ 7. Representantskapsmøtet sin funksjon

Representantskapsmøtet vert halde ein gong i året og skal vera eit forum der alle sektorar i arbeidet for og med norsk folkemusikk og folkedans møtest, drøfter og fremjar saker av felles interesse.

Følgjande saker blir tatt opp:

A) Informasjon

Styret informerer om årsmeldinga for og arbeidet i Stiftinga

B) Fråsegner

Representantskapsmøtet kan gi fråsegn om følgjande saker:

- 1) Rådets årsmelding
- 2) Rådets rekneskap og budsjett
- 3) Prinsipielle og faglege fråsegner

C) Vedtak:

Representantskapsmøtet skal gjennomføra følgjande val:

1. I Rådet sitt nest siste funksjonsår utpeikar Representantskapsmøtet ei valnemnd på 3 medlemmer.
2. Valnemnda kjem med framlegg til samansetjing av nytt Råd til følgjande Representantskapsmøte.
3. I Rådet sitt siste funksjonsår vel Representantskapsmøtet nytt Råd med utgangspunkt i framlegget frå valnemnda og i samsvar med reglane for samansetjinga av Rådet i § 10 ledd 1 og 2

§ 8. Representantskapsmøtet si samansetjing

Organisasjonar, institusjonar og eventuelt andre grupper som arbeider med norsk folkemusikk og/eller folkedans kan få røysterett på Representantskapsmøte ut frå meir detaljerte føresegner som møtet vedtek.

Rådet

§ 9. Rådet sine funksjonar


Rådet er eit saksførebuande, rådgjevande og vedtakande organ som er underlagt Styrets si myndigheit til omgiering og instruksjon jamfør Stiftingslova § 36, ledd 2. Unntak gjeld for § 7, ledd C i desse vedtektene, der Rådet er fristilt frå Styret sin innverknad.

Rådet er delegert råderetten over dei aktivitetsmidlane som Styret til ei kvar tid set av til fordeling. Dette gjeld med avgrensingane som følgjer av Stiftingslova § 36, ledd 2. Styret gir eigne retningslinjer for fordelingsoppgåver i tråd med føringar og regelverk frå løyvande instansar.

Rådet peikar kvart andre år ut 3 medlemmer og ein varamedlem til Styret. Jamfør § 4.

§ 10. Medlemmer og oppnemning

Rådet har 5 til 8 medlemmer som skal representera sakkunnskap og røynsle frå heile feltet i arbeidet for norsk folkemusikk og folkedans i vårt land. Rådet skal dessutan ha tyngde til å

 IA SM HJ. VO

kunna gjera seg sterkt gjeldande på nasjonalt nivå og bør difor ha minst eitt medlem som er topputøvar, eitt som har vitskapleg toppkompetanse og eitt som står sentralt ved ein av dei nasjonale formidlingsinstitusjonane. Medlemene skal sjå seg som representantar for sektorar, ikkje for organisasjonar og institusjonar.

Funksjonstida til Rådet er fire år. Representantskapsmøtet vel alle rådsmedlemmene og leiar og nestleiar mellom dei.

Rådet er vedtaksført når halvparten eller fleire av Rådets medlemmer er tilstade og gjer alle vedtak med vanleg fleirtal. Når det er like mange stemmer for og imot, avgjer Rådsleiaren si stemme. Direktøren har møte- og talerett i rådsmøta, og syter for administrativ støtte og folkemusikk- og folkedansfagleg sakkunne til møta.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

§ 11. Sentret sine funksjonar

Styret for Stiftinga for folkemusikk og folkedans er ansvarleg for Norsk senter for folkemusikk og folkedans og har det øvste ansvar for drifta av institusjonen.

Sentret er utøvande og administrerande organ for Stiftinga. Sentret skal arbeida for og verkeleggjera målet til stiftinga gjennom oppfølging av vedtak i Styret og Rådet og gjennom sjølvstendig arbeid.

Sentret yter faglege og administrative tenester til Rådet og Representantskapsmøtet.

Vedtektsendring og oppløysing

§ 12. Endringar av vedtektene

Styret kan fremja og vedta forslag om vedtektsendringar.

Endringar av vedtektene skal skje i samsvar med Stiftingslova §§ 45 flg.

§ 13. Oppløysing

Styret kan med tilslutning frå Representantskapsmøtet vedta å oppløyse stiftinga i samsvar med Stiftingslova §§ 52 flg.

Dersom oppløysing blir vedtatt, skal samlingar og aktiva forvaltast slik at det best mogleg sikrar vidareføring av stiftinga sine formål både når det gjeld vidareføringsarbeidet og forskingsarbeidet for norsk folkemusikk og folkedans.

KJ
SM
1A
SM
JO